



RUTINER FOR KONTRAKT OG FAKTURERING

for praksissamarbeid med Griegakademiet – Institutt for musikk: musikkterapi

Kontrakt

Kontrakt om praksissamarbeid vert inngått mellom praksisinstitasjonen og Griegakademiet – Institutt for musikk. For offentlege institusjonar som Bergen kommune og Helse-Bergen er avtalen inngått på overordna nivå.

Kontrakten er gjeldande fram til han vert revidert eller sagt opp av ein av partane.

Kontrakten bind ikkje den einskilde musikkterapeut / adm. eining til å ta imot studentar kvart semester. Administrativ koordinator hos Griegakademiet – Institutt for musikk kartlegg tilgjengeleight i forkant av kvar praksisperiode og inngår avtale med praksislærar om å ta imot student(ar).

Økonomisk kompensasjon


Økonomisk kompensasjon for praksisarbeidet vert ikkje utbetalt som løn til praksislærar. Praksisinstitasjonen / den administrative eininga, fakturerer Universitetet i Bergen for arbeidet etter satsane avtalt i kontrakten. Dette vert gjort på bakgrunn av ein innkjøpsordre som UiB sentralt sender til praksisinstitasjonen.

Fakura vert sendt til UiB sentralt og vert handsama av økonomiavdelinga der.

Innkjøpsordre

For at me skal kunne sende innkjøpsordenen treng me ein administrativ kontaktperson med høve til å senda ut faktura. Dette er som oftast praksislærar sin nærmeste einingsleiar.

TIDSLINJE:



Kontaktperson for Griegakademiet:

Hild C. Vang – hild.vang@uib.no / 55 58 74 32
studiekonsulent og administrativ koordinator for praksis, musikkterapi